

NYNORSK

..... Dette er Venstre

Venstre er det sosialliberale partiet i Noreg. Politikken vår sameinar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me legg særleg vekt på fire politiske hovudområde: Skule, småverksemdar, sosialt ansvar og miljø.



Visjonen til Venstre

Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskaps- samfunn der folk har fridom og høve til å velja eigen veg til livet slik dei ynskjer det. Venstre tek ansvar for kvarandre og miljøet. Venstre tek utgangspunkt i kvart menneske. Fridomen gjeld alle uavhengig av sosial status, nasjonalitet, bustad, hudfarge eller legning. Me ønskjer eit mangfaldig samfunn der tilhøva mellom menneske byggjer på toleranse og respekt.

Ideologisk er Venstre tufta på sosialliberalismen. Dei sosialliberale finn løysingane i balansen mellom fridom og fellesskap, mellom politisk styring og ein fri marknad, mellom individet (borgaren) og staten og mellom by og land.

Berebjelkane i «det liberale systemet» er demokratiet, rettsstaten, marknadsøkonomien og det sivile samfunnet. Integriteten til kvar berebjelke må respekterast for å sikra fridom og rettferd, og for å unngå maktkonsentrasjon og «samrøre».

Venstre er eit nytenkjande parti med vilje til analyse og reformer. Me vil mellom anna ha ei kraftig forenkling av unødvendige reguleringar og byråkrati som kompliserer samfunnet.

Hovudsak: Skule

Ein skule for kunnskap og like moglegheiter

Venstre vil styrkja den offentlege skulen, særleg gjennom å gjenreisa respekten for læraren og fagkunnskapen. Alle skal ha høve til å utnytta egne evner og skaparkrefter. Venstre vil styrkja læraren sitt arbeid og arbeidstil- høve, og gje meir ansvar til kvar skule. Noreg skal vera ein kunnskapsnasjon i toppklassen.

Venstre vil:

- bruka 3 milliardar kroner på Kunnskapsløftet til styrking av lærarane sine kunnskapar og skulen i stortingsperioden 2005–2009.
- sikra systematisk kompetanseheving for lærarane gjennom innføring av eit kompetanseår der lærarane kan få permisjon for å ta vidareutdanning eller å praktisera i eit anna høvande yrke.
- styrka respekten for læraren og sikra betre arbeidsro i skulen.
- sikra at spesialpedagogisk kompetanse er så nær elevane som råd er, slik at denne er tilgjengeleg for elevane frå første skuledag.

«Me skal ha tillit til læraren og sikra at pedagogen har handlingsrom og fridom. Læraren skal vera lærar, ikkje byråkrat.»

Odd Einar Dørum

Trine Skei Grande



Hovudsak: Småverksemder

Eit kreativt og nyskapande Noreg

Me er avhengige av eit nyskapande næringsliv for å ta vare på velferdssamfunnet i framtida. Arbeidsplassane me skal leva av i framtida er ikkje skapte enno. Venstre vil ha ein politikk som støttar nyskaparar og gründerar. Forsking, utdanning og skattesystem er viktig grunnlag og tuft for framtidige arbeidsplassar og velferd. Samfunnet må gje rom for mennesket sine skapande evner i skuleverket, forskinga, kulturen og næringslivet. Me må sleppa fram dei som vågar å satsa - og tru på ein idé.

Venstre vil:

- likestilla sjølvstendige næringsdrivande med lønsmottakarar når det gjeld trygderettar og andre sosiale ordningar.
- laga eit eige og enklare regelverk for mindre og nystarta verksemder.
- auka løyvingane til forskning og utvikling.
- fjerna formuesskatten og halde orden i økonomien.
- satse meir på mat, kultur og opplevingar.

«Menneske som etablerar arbeidsplassar for seg sjølv og andre må visast tillit og ære, ikkje hindrast av unødvendig byråkrati og skjemavelde.»

Leif Helge Kongshaug

Lars Sponheim

Hovudsak: Miljø

Ein moderne miljønasjon

Noreg skal vera ein moderne miljønasjon. Klimaendringar og truslar mot det livsviktige økosystem må takast på alvor. Venstre er eit moderne, løysingsorientert, teknologioptimistisk og ansvarleg miljøparti. Me vil gje barna og barnebarna våre minst like gode høve til rein natur som me har hatt.

Venstre vil:

- arbeida for eit vesentleg betre kollektivtilbod.
- leggja til rette for ein meir miljøvenleg bilpark gjennom avgiftspolitikken.
- redusera skattane på arbeid og auka skattane på forureining.
- ha eit skatteskifte med redusert skatt på arbeid, der det løner seg å driva miljøvenleg.

- satsa på fornybare energikjelder. Gasskraftverk skal byggast med CO2-reinsing.
- ha petroleumsaktivitet i nordområda, men utbygging må balanserast med petroleumsfrie soner der miljøet er mest sårbart.
- stimulera til energiøkonomisering.

«Venstre vil gjera det lønsamt for alle å velja miljøvenleg.»

Gunnar Kvasheim

Borghild Tenden

Hovudsak: Sosialt ansvar

Meir til dei som treng det mest

Eit velferdssamfunn vert målt etter korleis me tek vare på de svakaste. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpa enkeltmenneske som treng det.

Venstre vil:

- utvida stønadsordningane for familiar med tunge omsorgsoppgåver.
- innføra eit breitt tiltaksprogram for barn og unge med åtferdsproblem.
- sørgja for at eldre kan bu heime så lenge dei sjølve vil gjennom tilbod om utvida heimetenester. Det gjev ein verdigare alderdom.
- at skattesystemet skal ha et høgt botnfrådrag fordi det kjem dei med låge inntekter til gode. Det er ein sosial og rettvis skattepolitikk.
- at lokalsjuehusa skal vera berebjelken i morgondagen sitt helsesystem. Nærleik til helsetilbodet gjev tryggleik.
- ha ei garantert minsteinntekt, eller borgarløn, til dei som treng det mest. Dette for å setja folk i stand til å hjelpa seg sjølve.
- ha eit system der tannhelsa vert dekkja av det offentlege på lik linje med fastlegeordninga. I første omgang ønskjer me gratis tannhelsetenester til sosialklientar og minstepensjonistar.

«Å behandla alle likt er uheldig. Universelle velferdsordningar er ikkje til hjelp for dei som treng det mest!»

Gunvald Ludvigsen

André Skjelstad

Andre viktige Venstre-saker

- Venstre står for eit sterkt internasjonalt engasjement, tufta på fridom, likeverd, demokrati og menneskerettar.
- Venstre står for ein aktiv og mangfaldig kulturpolitikk.
- Venstre seier ja til arbeidsinnvandring og ein sømeleg og human flyktningpolitikk. Me har eit ansvar for å visa internasjonal solidaritet. Alle samfunn treng den kulturelle og økonomiske stimulansen innvandring representerar.
- Venstre vil føre ein moderne distriktspolitikk som styrker rammekåra og initiativa, og ikkje stivnar i konservativ motstand mot endringar.

Marknad og politikk

Sosialistane vil ha for mykje offentlig styring, og hemmar fridomen og kreativiteten. Høgresida vil svekka offentlege fellesinstitusjonar i for stor grad. Venstre representerar det fornuftige balansepunktet mellom ein regulert marknad-økonomi og politisk, folkevalt styring. Samkvem i heile verda sikrar fred og demokrati, men må følgjast opp med ein global politikk. Venstre trur på maktspreiing og ansvarsmobilisering, og har tillit til at menneske som blir viste tillit tek ansvar.

Samfunnsøkonomien må haldast i orden. Uhemma pengebruk fører til prisstigning og høge renter, og er ikkje til det beste for borgarane. Næringspolitikk er avgjerande for velferda i framtida. Difor prioriterar Venstre nyskaping, gründerkultur og forskning svært sterkt.

Folkestyrepartiet

Venstre er framfor alt folkestyret sitt parti i Noreg. I dag vert kampen ført vidare for lokalt sjølvstyre og mot maktkonsentrasjon i nye former. Venstre står i spissen for ei open og offentlig statleg og kommunal forvaltning, med krav til gode tenester og rettferdig handsaming, mindre skjemavelde («Eit enklare Noreg»), og personvern for den enkelte. Staten er til for borgaren, ikkje omvendt. Ei fri presse, fri debatt og ytringsfridom, er grunnleggande liberale verdiar.

Kort veg til påverknad og makt

Venstres folkevalde på Stortinget, i fylkestinga og kommunes-tyra fører politikken og idéane til partiet ut i livet. Aktiviteten, engasjementet og arbeidskrafta til medlemmene er den viktigaste ressursen partiet har. I Venstre er det kort veg til påverknad og makt. Som medlem kan du påverka politikken og resultat til partiet direkte. Du får medlemsmagasinet liberal.no åtte gonger i året, og du kan delta i debattane på det elektroniske intranettet (Venstre pluss).

Kva har Venstre levert?

Venstre deltok i sentrumsregjeringa (Bondevik 1) frå 1997 til 2001 og i Samarbeidsregjeringa (Bondevik 2) frå 2001 til 2005. Deltakinga til Venstre var avgjerande for å bryta Ap sin mangeårige maktdominans. Gjennom sentrumsregjeringa sette me miljøpolitikken sterkare på dagsorden att, minstepensjonane vart auka, kontantstøttereforma og viktige helse reformer vart gjennomførte. Me endra næringspolitikken til fordel for små verksemdar og nyetableringar, og starta ein ny giv i IT-politikken. Den offentlege forvaltninga vart opnare, personvernet vart sterkare, og satsinga på høgare utdanning og forskning auka. Me sette i gang prosjektet «Eit enklare Noreg» og satsa målretta på justispolitikken.

Med Venstre i spissen opppriorterte Samarbeidsregjeringa kollektivtrafikken i og rundt storbyane. Me gjennomførte ei skattereform der mellom anna delingsmodellen vart fjerna og skatten på arbeid og kapital vart utjamna. Det vart i verksett ein nyskapinge næringspolitikk for heile landet. Vedtak om og igangsetjing av eit kunnskapsløft for skulen, ein meir målretta kamp mot fattigdom, betre narkotikaomsorg, sterkare innsats mot organisert kriminalitet og for førebygging av barne- og ungdomskriminalitet, og viktige reformer i landbrukspolitikken vart gjort.

Historie og ideologi

Venstre er det eldste parti i Noreg, og vart stifta 28. januar 1884. Johan Sverdrup, Venstre sin første leiar, stod i spissen for innføringa av parlamentarismen i Noreg. Venstre fekk igjennom viktige liberale reformer som folkestyre, religionsfridom, juryordninga og ålmenn røysterett. Partiet har gjennom historia stått for store sosiale reformer, innføring av den offentlege einskapsskulen, likestilling, bustadsak, næringsutvikling, miljø saker og internasjonalt engasjement. Den største sosiale reforma på 1900-talet, folketrygda, vart innført etter modellen til Venstre i 1967.


De fleste partia har historisk grunnlag i spesielle interesser og organisasjonar. Sosialistiske og sosialdemokratiske parti bygger på arbeidarklassen og fagforeiningane. Senterpartiet (tidlegare Bondepartiet) har basisen sin i landbruksinteressene, Kristeleg Folkeparti i religiøse organisasjonar, Høgre i næringslivet og embetsverket. Framstegspartiet vart etablert for å redusera skattane avgiftene og storleiken på staten. Venstre er et liberalt idéparti med ein politikk som tek utgangspunkt i enkeltmennesket og er uavhengig av særinteresser.

På ein politisk høgre – venstre akse ligg sosial-liberale Venstre i sentrum. Til venstre for oss ligg sosialisme og sosialdemokrati, som står for ein sterk stat og sentralisert politisk styring. Dette hemmar fridomen og ansvaret til kvar einiskuld. Til høgre ligg konservative og liberalistiske parti, som vil ha mindre politisk styring og fellesskap, og som difor skapar grobotn for offentlig fattigdom og store sosiale skilnadar.

Tradisjonelt vert ideologiane og deira norske parti plasserte slik:

| RV | SV | Ap | V | KrF | H | Frp |
|--------------|-------------------|-------------------|--------------------|--------------------|---------------|---------------|
| kommunistisk | sosialdemokratisk | sosialdemokratisk | kristendemokratisk | kristendemokratisk | liberalistisk | liberalistisk |
| | sosialistisk | | sosialliberalt | | konservativt | |

Mange politiske konfliktlinjer har andre dimensjonar. Ein mykje brukt og meir informativ modell i dag er denne:



MMIs «Norsk Monitor» plasserer veljarane til partia slik som vist, etter haldningane dei har til ei rad politiske spørsmål.



Olaf Thommessen



Anne M. Larsen

Verer Lycklaett

Dette er Venstre: Politikarar

Vil du vita meir?

Venstres prinsippprogram, stortingsvalprogram, notat om den sosiale liberalismen, politisk rekneskap, enkeltsaker og fråsegner mm, kan du lesa meir om på www.venstre.no eller få hjå sekretariata våre:

Venstres Hovedorganisasjon
Møllergt. 16,
0179 Oslo, telefon 22404350, telefaks 22404351, e-post: venstre@venstre.no

Venstres Stortingsgruppe
Stortinget, 0026 Oslo, telefon 23313362, telefaks 23313872, e-post: stortingsgruppa@venstre.no

Bladbunad: Thomas Hansen. Trykk: Allkopi. Publisert oktober 2006. Brosjya er trykt på miljøvennleg papir.



Lars Sponheim
Partileiar
Medlem i Stortingets finanskomité



Trine Skei Grande
Nestleiar
Medlem i Stortingets familie- og kulturkomité



Olaf Thommessen
Nestleiar



Gunnar Kvasheim
Leiar i Stortingets energi- og miljøkomité



Borghild Tenden
Nestleiar i Stortingets transport- og kommunikasjonskomité



Odd Einar Dørum
Medlem i Stortingets kyrkje-, utdannings- og forskningskomité



Anne Margrethe Larsen
Medlem i Stortingets utanrikskomité



Gunvald Ludvigsen
Medlem i Stortingets helse- og omsorgskomité



Leif Helge Kongshaug
Medlem i Stortingets næringskomité



André N. Skjelstad
Medlem i Stortingets arbeids- og sosialkomité



Vera Lyskløtt
Medlem i Stortingets kommunal- og forvaltingskomité